

# **SPØRSMÅL TIL SPØRJETIMEN 10.APRIL 2014**

## **Spørsmål til spørjetimen – Ingvill Taule, Senterpartiet**

Me treng flaggstang til 17.mai på Sæbø skule. Kommunen 50 års jubileum og Grunnlova 200 års jubileum – og da er no for gale at ein kommunal skule ikkje skal ha ei flaggstang der ein kan flagga for å markera diverse jubileum og andre offentlege markeringar. Spørsmålet er då – kan me få ei stang på Sæbø skule til 17.mai?

### **Svar på spørsmål**

Administrasjonen er samd i at Sæbø skule bør ha ei flaggstang for å markere merkedagar og offentlege høgtidsdagar, og arbeidar for å få denne på plass til 17. mai.

---

## **Spørsmål til spørjetimen – Audun Sylta, Høgre**

Hordabøheimen vart lagt ut for salg for ei tid sidan. Forstår det slik at salget likevel ikkje er gjennomført. Ynskjer ei orientering om spørsmålet.

### **Svar på spørsmål**

Formannskapet aksepterte i september 2013 eit bod frå Radøy bemanning på Hordabøheimen. Etter dette har det vore ein prosess mellom Eiendomsmegler Vest og kjøpar vedrørande kjøpekontakt og dato for overtaking. Ulike problemstillingar har vore oppe i saka. Formannskapet er orientert om utviklinga i prosessen.

Problemstillingane er no rydda av vegen og vi har avtalt overtaking av Hordabøheimen 24. april.

---

## **Spørsmål til spørjetimen – Roy Bø, FrP**

Kva gjer Radøy kommune med dei andre innbyggjarane i Radøy som verken har mobildekning eller fiberband. Synest dette var ei gladmelding for dei få.

### **Svar på spørsmål**

Svar: Det er Regjeringa ved Samferdsledepartementet som har ansvaret for telefonipolitikken i landet. Regjeringa definerer full mobildekning til å vera 98% dekning for fastbuande (ikkje 98,1%, men 98%). Norge har 98% mobildekning, og når telekom-aktørane er privatiserte, så er det ikkje kommersielt lønsamt for dei å byggja ut resten. Utbygging i det kuperte landskapet ved kysten er det mest krevjande. I 2010 utlyste staten støttemidlar til utbyggingskostnader for master m.m. for dei kvite mobilflekkane. Radøy søkte og fekk kr 1.000.000,-. Desse er unytta, sjølv etter tre pliktige anbodsrundar, fordi det framleis er økonomisk uinteressant for telekom-aktørane å gjera dette. For å dekka dei fleste husstandane våre er det konkludert med at det må opp to ca 50 høge master (Kvalheim og Nordanger).

Radøy har etter drøftingar med telenor inngått ein intensjonsavtale om at kommunen byggjer denne masta, og så kan telenor koma med boksen sin,- det er det heile telenor er med på. Netcom er ikkje interessert. Kommunen må altså inngå grunneigaravtale, vegframføriung, straum, byggja hytte og mast lik den på Kvistefjellet. Kostnad er stipulert til 3 – 6 mill pr mast. Dett må kommunen ta av eige investeringsbudsjett. Vil og kan me subsidiera telenor på denne måten? (NB: dette er ein intensjonsavtale,- endeleg avtale når alt er presist utrekna må sjølvsagt til politisk handsaming).

Svaret mitt er nei, og Harald Stanghelle og eg reiste tidleg i haust til fylkeskommunen og drøfta saka, og sa at me bør heller gå på BKK sitt slagord,- «morgendagen er her», og satsa på løysingar à la altibox( altibox er mest kjend, men det finst andre aktørar/løysingar, og oppdraget må på anbod). Fylket var samde med oss, og formannskapet støtta at kommunen søkte den nye ordninga med fibermidlar, som vart utlyst i oktober. Der fekk me tilslag på 1. mill, og det er desse som me no har arbeidd lurt med, og som gjer at over halvparten av husstandane i Radøy no får tilbodet om morgondagens teknologi. Medan, nesten halvparten ikkje får dette tilbodet – enno.

Men, me har ambisjonane i orden. Me har tett kontakt med fylkeskommunen. For det første kjem det ny utlysingsrunde på fibermidlar (som er støtte til å byggja ut tilkoplingspunkt på hovudfiberlinja som går langsetter heile Radøy) i juni i år. Me kjem til å søkja der også. Så er det slik at altibox er eit reint kommersielt tilbod, utan statlege krav og retningslinjer. Derfor er det lurt å byggja ut dei mest lønsame områda først, og så fortsette etter kvart.

Det er dette som gjer at i tillegg til dei to hovudområda Manger og Bø, så vart det tredje området som me kalla fortetting, valt Kalnes, for der er det no fiber både i Austmarka og på Hilland.

Når Manger og Bø er utbygd skal og må me jobba for tilbodet til resten også. Det kjem til å skje, for dette er morgondagens løysing, det er jo fiber med 1G begge vegar me snakkar om, pluss TV og telefoni til særstigne prisar. Dette er teknologien alle vil ha, og bør få, og eg meiner at me skal jobba for å få sikra tilbodet til flest mogleg. Full altibox-utbygging (el tilsvarende) opnar også for heilt nye løysingar for omsorgsteknologi i heimen!

Eg har vore, og er veldig opptatt av at me skal få til topp moderne fiber/breibandstilbod til innbyggjarane, men pga statlege krav, så har dette vore ein lang veg. Men, no skjer det, og at me alt ved det første steget sikrar tilbod til over 50% av husstandane er meir positivt enn eg trudde for ein million kroner!

Det er stor pågang frå alle områda som ikkje kjem med i denne runden. Det er eit signal på at me har valt rett teknologi, og me skal trøkkja på vidare.

På kort sikt vil stort tilslag til altibox gje betre breibandstilbod til dei som har dette frå telenor, sidan det er ei delingsteneste.

Men, gode kommunestyre, eg kan tenkja meg at formannskapet drøftar følgjande: Skal me forhandla mobilmillionen frå 2010 frå oss og la den gå inn i ein tilleggspott som me kan dela med resten av Hordaland? Det er ein moglegheit for dette? Då kan dette koma på toppen av fibermidlane me søker på, men me må dela den med andre. Men, det vil likevel verta meir fiberpengar.I tillegg har ei størst mogleg altiboxutbygging (fiber), den fordelen at det då er langt rimelegare å byggja ut små mobildekningsområde.

Motstykket er at me då avsluttar intensjonsavtalen om å belasta kommunen sitt investeringsbudsjett til å byggja dei to mastene som kan gje mobildekning på vest- og austsida frå 2016.

No svarte eg med eit spørsmål, som kommunestyret ikkje kan ta her, men eg ser gjerne at partigruppene tenker på det, og at formannskapet drøftar saka for oss.

Uansett, når det gjeld altibox, så er eg faktisk meir begeistra over at dette er ei gladmelding for litt over halvparten, mot at det ikkje er det for litt under halvparten. Det er ein begynnelse, der alternativet reelt ville vore at andre kommunar fekk dette tilbodet og ikkje oss. Då siktar eg til at dei største eigarane i BKK hindra denne utbygginga. Det har forseinka utbygginga i landkommunane, men ikkje i Bergen!

---

### **Spørsmål til spørjetimen – Elisabeth Bygstad, HTV Undervisningsforbundet Radøy**

KS gjekk sterkt ut med krav om store endringar i arbeidstidsavtalen for lærarane: "1. Dagens skille mellom arbeidsplanfestet tid og selvstendig tid oppheves 2. Et mindre komprimert arbeidsår 3. Endring/oppmyking av systemet med årsrammer for undervisning."

I eit intervju i Kommunal Rapport 27. mars går Per Sundnes langt på veg tilbake på dei tre opprinnellege hovudkrava. Han seier no at kravet om ei utviding av lærarane sitt arbeidsår fell bort, og at det framleis skal vera ein sentral avtale om undervisningstimetal. Det som tilsynelatande står igjen, er at ein lokalt kan fravika avtalen ut frå "lokale behov", og i kva grad den enkelte rektor då skal ha styringsrett over arbeidstida til lærarane.

Vårt spørsmål til ordføraren blir derfor: Vil ein i Radøy sjå seg tent med å fravika ein sentral avtale, og, eventuelt, kvifor vil dette vera tenleg?

#### **Svar på spørsmål**

Ordføraren finn det korrekt å svara kort og prinsipielt på dette spørsmålet, sidan framleggjet frå KS om å endra arbeidstidsordningane med utdanningsforbundet vekkjer stor interesse. Eg ser spørsmålet slik: KS starta med eit forhandlingsutspel som vekte reaksjonar hjå Utdanningsforbundet. Etter ei tid vart det brot i forhandlingane. Dette brotet førte til at forhandlingane om arbeidstidsordningane vart tatt inn i hovudtariff-forhandlingane, som starta sist veke. Altså er forhandlingane no i gang (formelt sett mellom KS og Unio).

Medan forhandlingane pågår, finn eg det ikkje rett å kommentera spørsmålet ytterlegare. Det må forhandlingspartane drøfta. Kommunane bind ikkje forhandlingsdelegasjonen i KS under forhandlingane. Intervjuet det vert vist til må finna sitt svar under forhandlingane, som partane anten vert samde om, eller det vert avgjort ved lønsnemnd. Dette synet har eg også for forhandlingsspørsmål i hovudforhandlingane med andre grupper.

---

## **Spørsmål til spørjetimen – Silje Namtvedt, Senterpartiet**

I Radøy kommune er vi så heldige at innbyggjarane har eit 25 m basseng og eit mindre terapibasseng. Dette er eit fantastisk tilbod til folk i alle aldrar. Når vi har dette tilbodet, er det viktig at flest mogleg brukar det.

- 1. Kor mykje vil det kosta Radøy kommune å halda ope to dagar i veka i mai månad og frå skulestart i august? Ein kan t.d. ha innskrenka opningstid til t.d. tysdag og laurdag i mai og juni. Dette vil og gje skulane moglegheit til å ha lenger sørmeundervisning i løpet av eit skuleår.**
- 2. Eg lurar og på om terapibassenget vil verte opna før sommaren.**

### **Svar på spørsmål:**

#### **1. Kor mykje vil det kosta Radøy kommune å halda ope to dagar i veka i mai månad og frå skulestart i august?**

Det er vanskeleg å gi eit eksakt svar på kor mykje det vil koste å halde bassenget ope utover dei etablerte opningstidene. Som vanleg vert symjehallen i Radøyhallen stengt frå 1. mai, og haustsesongen startar i år 1. september. Bassenget vert normalt tømt i perioden mellom vår- og haustsesong.

Det er straumutgiftene til oppvarming av basseng og drift av ventilasjonsanlegget som utgjer dei største kostnadene. Sjølv om ein avgrensar opningstida til to gonger pr veke, vil det likevel vere naudsynt å halde temperaturen i bassenget stabil. I tillegg kjem utgifter til t.d. badevaktar, reinhald, kommunale gebyr og kjemikaliar. Erfaringsmessig er det også relativt mindre billettinntekter jo lengre ut på våren ein kjem og tidleg haust, men dette er sjølvsagt véravhengig.

Ein gjennomgang av rekneskapen viser at det truleg vil koste omlag kr 50 000 å halde bassenget ope to dagar i veka i mai. Med ein kostnad på om lag kr 50 000 pr mnd (føreset at bassenget er ope for offentleg bading to gonger pr veke), vil det gi ein kostnad på om lag kr 25 000 å halde bassenget ope frå skulestart i staden for frå 1. september.

#### **2. Vil terapibassenget verte opna før sommaren?**

Det er tidlegare signalisert at vi håpa at terapibassenget ville vere klart for opning rundt påsketider. Dessverre viste førre prøve at det framleis er for mykje fukt i betongen i bassenget. Bassenget kan ikkje flisast før fukten er redusert til eit tilfredsstillande nivå. Men både ustyr og materiell er på plass, og fagfolka er klar til å starte arbeidet så snart fukten i betongen ikkje er til hinder. Når bassenget er ferdiglist er det behov for ein tørkeperiode,

slik at det dessverre ikkje er realistisk at terapibasseneget er klar for bruk før til den ordinære opninga til hausten.

---

### **Spørsmål til spørjetimen – Roy Bø, FrP**

Lurer på om Radøy kommune kan leggja fram eit rekneskap over kostnader og inntekter på bygdeboka.

Svar på spørsmål – excel-ark

<b>Prosjektoversyn bygdebok Radøy</b>			
<b>År</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Netto</b>
	<b>Rekneskap</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Rekneskap</b>
<b>2001</b>	519	60	459
<b>2002</b>	549	-	549
<b>2003</b>	598	-	598
<b>2004</b>	637	-	637
<b>2005</b>	718	-	718
<b>2006</b>	846	166	680
<b>2007</b>	1 097	174	923
<b>2008</b>	778	190	588
<b>2009</b>	1 284	180	1 104
<b>2010</b>	1 235	257	978
<b>2011</b>	804	89	715
<b>2012</b>	1 314	246	1 068
<b>2013</b>	847	114	733
<b>2014</b>			
<b>2015</b>			
<b>SUM</b>	<b>11 226</b>	<b>1 476</b>	<b>9 750</b>